



Sogn og Fjordane
krets av NSF



ALLTID BEREDT

STYREMØTE

Skei hotell, 16. desember 2014

Sakliste:

1. Terminliste 2015
2. Val
3. Økonomi og budsjett
4. Leiarsamling
5. Eventuelt

Referat:

Til stades: Eirik, Ole, Remco, Frida og Trine

Forfall: Wenche

Sak 1 Terminliste 2015

Styret tok fram kalenderen for 2015 og laga eit forslag til terminliste for det komande året.

Florø FA skal ha nasjonalt sjøspeidarseminar i januar.

KBK blir lagt til 24.-26. april. Kretsleiren ligg på 20.-27. juni.

Ein prøver å få til trinn 2 i grunntreninga i september. Vi bør også få til Norsk grunnkurs i fyrstehjelp. Kan det vere mogleg å få til peffkurs på kretsleiren?

Sak 2 Val

Førde speidargruppe er valkomité, og dei set i gang arbeidet sitt ca. ved nyttår.

Sak 3 Økonomi og budsjett

Kretsen har sunn økonomi.

Sogn og Fjordane krets av Norges speiderforbund

c/o Eirik Ulltang Birkeland, Øyjordsveien 11, leil. 501, 5038 BERGEN

Nettside: <http://sfj.scout.no> | E-post: sfj@scout.no

Vi gjorde nokre aktuelle justeringar for budsjettet for 2015, men dette tek vi opp att på eit styremøte seinare.

Neste år er det jamboree, så då må vi setje av ein del pengar til det. Alle deltakarane kan søkje, men kanskje bør ein stille krav om at ein held ein presentasjon i gruppa, kretsen eller liknande.

Sak 4 Leiersamling

Styret diskuterte leiersamlinga i januar. Kunne vi ha henta inn eit trekkplaster? Vi spør iallfall Asbjørn om å prate om Friluftslivets år. Vekst kan også vere eit aktuelt emne. I tillegg kjem sjølvsagt aktuelle saker som terminliste og kretsleir.

Sak 5 Eventuelt

Det har kome ynskje om endringar i fordeling av NM-potten, men dette må i så fall opp som ei innsend sak på årsmøtet neste år.

Styret bør sjå på aktuelle stader å søkje om pengar, t.d. Sparebank 1-stiftinga.

Sogn og Fjordane krets av Norges speiderforbund

c/o Eirik Ulltang Birkeland, Øyjordsveien 11, leil. 501, 5038 BERGEN

Nettside: <http://sfj.scout.no> | E-post: sfj@scout.no